

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem
Avdeling: Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/6908-1

Val av leiar og nestleiar i hovudsamarbeidsutvalet for perioden 1. januar 2014 til 31. desember 2015

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1) Leiar for utvalet i perioden 2014 – 2015 er
- 2) Nestleiar for utvalet i perioden 2014 – 2015 er
- 3) Medlemsendringar:
 - Medlem(ane) går ut av utvalet:.....
 - Medlem(ane) som kjem inn i utvalet:.....

Vedlegg: Reglement for hovudsamarbeidsutvalet

Andre dokument som ikkje ligg ved: Ingen

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I reglementet for hovudsamarbeidsutvalet, punkt 3, siste avsnitt er det fastsett at leiaren for utvalet vert vald vekselvis av fylkeskommunen og arbeidstakaren sine representantar for 2 år om gongen.

Arbeidstakarsida i utvalet har ved utgangen av dette året hatt leiar og nestleiar funksjonen i utvalet. Det må såleis veljast leiar og nestleiar for perioden 2014 – 2015 frå arbeidsgjevarsida.

Eventuelle justeringar med medlemmar som går ut/inn i hovudsamarbeidsutvalet kan gjerast ved dette leitet. Fylkesrådmann har ikkje p.t. fått innmeldt ønskjer om røkingar, men gjer merksam på at dette kan effektuerast i møtet.

2. Bakgrunn

Fylkestinget i møte 03.06.2003, saksnr 0022/03, gjorde endringar som i prinsippet har erstatta Hovudarbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet (HAMU og ADMU) med eit nytt organ kalla Hovudsamarbeidsutvalet. Fylkestinget vedtok i møte 11.12.07 å etablere *Hovudsamarbeidsutvalet (HSU)* som eit fast organ.

Hovudsamarbeidsutvalet har 10 medlemmer og skal vere slik samansett:

Arbeidsgjevarsida:	Fylkesrådmannen (med forvaltningsdirektøren som stedfortreder som varamedlem).
	Fylkesrådmannen peikar ut dei andre fire medlemene med personlege varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.

Arbeidstakersida:	Fylkeshovudverneombodet (med ein varamedlem frå vernetenesta).
	Fire representantar frå dei tilsette med personlege varamedlemer.
	Ved utpeiking av dei tilsette sine representantar blir medlemstalet både innanfor kommunalt og statleg avtaleområde å leggje til grunn. Representasjonen frå arbeidstakersida skal skje etter høvetals-prinsippet, men arbeidstakersida kan fråvike høvetalsprinsippet dersom dei gjennom avtale kjem fram til anna ordning/fordeling, jf. hovudavtalen.
	Utvalet byggjer på gjennomgåande representasjon, slik at det så langt det er praktisk mogeleg bør vere den fylkeshovudtillitsvalde som er representert som medlem eller varamedlem i utvalet.

Leiaren for utvalet vert vald vekselvis av fylkeskommunen og arbeidstakarane sine representantar for to år om gongen.

HSU vedtok sist i møte den 24.11.2011 følgjande utvalssamansetjing, leiar- og nestleiarfunksjonar samt møteplan for inneverande to årsperiode som gjeld frå 01.01.2012 til 31.12.2013.

Arbeidsgjivarsida	Arbeidstakarorganisasjonane
<ul style="list-style-type: none"> • Tore Eriksen • Vara: Bjørn Birger Bremer • Bekka Skaasheim • Vara: Per Jørgen Loen • Velaug Veum • Vara: Endre Høgalmen • Ingebjørg Erikstad • Vara: Svein Arne Skuggen Hoff • Jan Tore Rosenlund • Vara: Eli Nes Killingrød 	<ul style="list-style-type: none"> • Rune Hovland (leiar) • Vara: Audun Rørvik • Odd Inge Moldvær • Vara: Erna Hamrum • Alf Reidar Myrstad • Vara: Per Arne Strand • Elin Schei Stuhaug (nastleiar) • Vara: Anita Hop • NN(fylkeshovudverneombod) • Vara: Haldis Egge

I sekretariat et for utvalet si førstekonsulent Marit Silje Husebø, personalsjef Toril Einarsen og rådgjevar Arvid Stenehem.

3. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmann vil i samsvar med reglementet for utval peike ut kven som skal vere utvalsleir og nestleiar for kommande to års periode.